

INNBYDING



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

FELLES FYLKESTING SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

GULEN / TUSENÅRSSTADEN, FREDAG 27.10.17 kl. 10:00-18:00

**Til: Tidlegare fylkesordførarar i Hordaland og Sogn og Fjordane
Tidlegare fylkesrådmenn i Hordaland og Sogn og Fjordane
Tidlegare og noverande fylkesmenn i Hordaland og Sogn og Fjordane**

Stortinget vedtok 8. juni i år regionreforma der dagens 19 fylkeskommunar vert erstatta med 11 nye folkevalde regionar/fylkeskommunar. Den nye fylkesinndelinga skal gjelde frå 01.01.20. I vedtaket slo Stortinget saman følgjande fylke:

- Vest-Agder og Aust-Agder
- Sogn og Fjordane og Hordaland
- Buskerud, Akershus og Østfold
- Telemark og Vestfold
- Hedmark og Oppland
- Troms og Finnmark

Vedtaket inneber at Oslo, Rogaland, Møre og Romsdal og Nordland held fram som egne fylke. Sør- og Nord-Trøndelag er alt vedtekte slegne saman med verknad frå 1. januar 2018.

Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire fylke, skal Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) kalle saman fylkestinga. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- Namn på det nye fylket.
- Tal medlemer i det nye fylkestinget.
- Kriterium for samansetjing av, og funksjonar til, fellesnemnda.
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
- Oppretting av ev. andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Vi inviterer Dykk med dette til deltaking på felles fylkesting for Sogn og Fjordane og Hordaland, felles lunsj og markering med kulturinnslag i Gulen kommune/Tusenårsstaden, fredag 27. oktober 2017.

Vennligst meld tilbake innan 20.oktober 2017, til tlf.nr 55239014/15 eller på e-post til folkevalde@hfk.no

Med venleg helsing

Jenny Følling
Fylkesordførar
Sogn og Fjordane

Pål Kårbø
Fung. fylkesordførar
Hordaland

PROGRAM

GULEN / TUSENÅRSSTADEN, FREDAG 27.10.17 kl. 10:00-18:00

Dalsøyra skule

- 10:00 – 11:15 Frammøte med servering.
- 11:15 – 11:25 Opning av felles fylkesting. Statssekretær Kristin Holm Jensen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- 11:25 – 11:30 Velkomne til Gulen kommune. Ordfører Hallvard S. Oppedal.
- 11:30 – 11:45 Frå Gulating til regionreform.
Professor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen.
- 11:45 – 13:00 Felles fylkesting – drøfting jf. inndelingslova § 25
- a) Namn på den nye kommunen eller det nye fylket.
 - b) Tal medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget.
 - c) Kriterium for samansetjing av, og funksjonar til, fellesnemnda etter inndelingslova.
 - d) Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
 - e) Oppretting av ev. andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.
- 13:15 – 14:00 Vedtak i separate fylkesting
- 14:00 – 14:30 Skyss til Gulating Hotel, Eivindvik.

Gulating Hotel, Eivindvik

- 14:30 – 15:30 Lunsj.
- 15:30 – 15:45 Skyss til Tusenårsstaden/Gulatinget.

Tusenårsstaden / Gulatinget

- 15:45 – 17:15 Samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland
- Kulturinnslag og historisk/symbolsk markering
 - Pressetreff
- 17:15 – Felles skyss til Eivindvik og Sollibotn.
- Avreise buss til Bergen.